



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/17	Omsorg - oppvekst og kultur	16.10.2017
046/17	Plan og utvikling	16.10.2017
042/17	Prosjekt, drifts- og eigedomsutval	16.10.2017
069/17	Formannskapet	19.10.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/453 - 17/7342	K1 - 141, K1 - 145	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 57 63 29 32	06.10.2017

### Kommuneplanen sin handlingsdel 2018 - 2021- offentlig høyring

#### Tilråding frå rådmann:

Kommuneplanen sin handlingsdel vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4.

#### Bakgrunn

Formannskapet gjorde i møte 10.05.2017, sak 38/17 vedtak om å starte rullering av handlingsdelen til kommuneplanen for perioden 2018-2021.

Handlingsdelen er saman med økonomiplanen kommunen sitt viktigaste verktøy for å sikre god økonomisk planlegging og styring. Det er fatta vedtak om at rulleringa av handlingsdelen og økonomiplanen ikkje skal gjerast samla.

Rulleringa tek utgangspunkt i handlingsdelen for 2017-2020. Handlingsdelen er knytt opp mot samfunnsdelen av kommuneplanen og har eit 4 års perspektiv. Målet for prosessen er å vedta ein handlingsdel for 2018-2021.

Det er gjennomført møte med alle tenesteeiningar. Her har fokuset vore å få fram

- nye nasjonale føringar
- oppfølging av gjeldande handlingsdelar til kommunedelplanar
- andre lokale prioriteringar gjennom politiske vedtak..

Handlingsdelen er endra mykje frå tidlegare år. All generell omtale er teke ut og resultatet er ein handlingsdel som syner 50 tiltak innanfor 9 ulike samfunnstema.

### **Vurdering**

Handlingsdelen er no ei liste med 50 tiltak som skal gjennomførast i 4-årsperioden 2018-2021. I planen er det synleggjort tiltak som er nasjonale føringar, tiltak som er vedteke i kommunale planar og tiltak som er lokale prioriteringar og vedtak. Tiltak som er nasjonale føringar må gjennomførast. Tiltak som er vedteke i kommunale planar, lokale prioriteringar og vedtak, er det knytt stort handlingsrom til, med omsyn til om, kva tid og korleis tiltaka skal gjennomførast.

Det vert utarbeidd eit utfordringsnotat til økonomiplanen. Det er gjennom økonomiplanen dei økonomiske rammene for utviklinga vert sett. Rammene for dei ulike tenestekområda må vurderast opp i mot endra økonomisk situasjon og tenestebehovet med grunnlag i demografisk utvikling. Det er økonomiplanen og budsjettet som må sikre finansiering av tiltaka i handlingsdelen. I samband med innarbeiding av tiltaka i årsbudsjettet må tiltaka skildrast nærare.

I økonomiplan og årsbudsjett er det muleg å ha rammetenking for td. prioritert handlingsprogram for spelemiddel, handlingsprogram næring, universell utforming av bygg, tiltak for trafikktrygging, vedlikehald av bygningar og vegar, og andre driftsutgifter.

Etter rådmannen si vurdering ligg det til rette for at kommuneplanen sin handlingsdel for perioden 2018-2021 kan leggast ut til offentleg ettersyn og høyring.

### **16.10.2017 Omsorg - oppvekst og kultur**

Saka vart drøfta i utvalet, og utvalet rår Formannskapet til å ta inn desse punkta i handlingsdelen:

Aurland kommune skal arbeida for heilårleg akutt døgnambulansesestasjon i Aurland.

Aurland kommune skal arbeida for å oppretta frivillegsentral i Aurland.

Aurland kommune skal arbeida aktivt for å sikra betre trafikkavvikling på strekninga Vangen - Stegastein

### **OOK-028/17 Vedtak:**

Kommuneplanen sin handlingsdel vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4 med slikt tillegg,

Aurland kommune skal arbeida for heilårleg akutt døgnambulansesestasjon i Aurland.

Aurland kommune skal arbeida for å oppretta frivillegsentral i Aurland.

Aurland kommune skal arbeida aktivt for å sikra betre trafikkavvikling på strekninga Vangen - Stegastein

Samrøystes

### **16.10.2017 Plan og utvikling**

#### **Røysting**

Tilråding frå rådmann: samrøystes

### **PUT-046/17 Vedtak:**

Kommuneplanen sin handlingsdel vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4.  
Samrøystes

#### **16.10.2017 Prosjekt, drifts- og eigedomsutval**

Mange tunge prosjekt under oppstart/slutføring (Symjehall/Flaum)  
Bør legg opp til at det ikkje vert laga endeleg budsjett- tal før det ligg føre utgreiing/prosjektkalkyler.

Lagnad for Heradshuset må avklarast:

- Sal ?
- Winjum- samlinga ?
- Avtale med ECO ?
- Bruksplan ?

Sal av kommunale eigedomar:

- Følgje opp KS 26/11 der desse eigedomane blei vedteke utgreidd for sal:
  - Hopastova
  - Flåm Vevestove
  - Vassbygdi skule (solgt)
  - Undredal skule (leigeavtale Undredal grendeutvikling)
  - Skjerping barnehage
  - Grendehuset på Bakka (Leigeavtale Verdsarvpark)
  - Hamarly (solgt)
  - Legebustad på Rygg
  - Bustadhus Vassbygdi – Rognaldgården (solgt)
  - Seksjonering av Rutebilstasjon

#### **DEU-042/17 Vedtak:**

Kommuneplanen sin handlingsdelen vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4 med slikt tillegg:

Nye investeringsprosjekt bør ikkje leggest inn i budsjett før det ligg føre oppdaterte utgreiing/prosjektkalkyler

Lagnaden til Heradshuset må avklarast

Gjennomgang av kommunal bygningsmasse med tanke på sal

Samrøystes

#### **19.10.2017 Formannskapet**

Vedtak i OOK, PDEU og PUT 16.10.2017 vart utdelt i møtet.

PUT- 046/17 Vedtak:

Kommuneplanen sin handlingsdel vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4.

Samrøystes

OOK – 028/17 Vedtak:

Kommuneplanen sin handlingsdel vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4 med slikt tillegg,

Aurland kommune skal arbeida for heilårleg akutt døgnambulansestasjon i Aurland.

Aurland kommune skal arbeida for å oppretta frivillegsentral i Aurland.  
Aurland kommune skal arbeida aktivt for å sikra betre trafikkavvikling på strekninga Vangen – Stegastein  
Samrøystes  
PDEU – 042/17 Vedtak:  
Kommuneplanen sin handlingsdelen vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4 med slikt tillegg:  
Nye investeringsprosjekt bør ikkje leggjast inn i budsjett før det ligg føre oppdaterte utgreiing/prosjektkalkylar  
Lagnaden til Heradshuset må avklarast  
Gjennomgang av kommunal bygningsmasse med tanke på sal  
Samrøystes  
Tilleggsframlegg i Formannskapet:  
Tillegg under pkt 6: Legge tilrette for å utnytte potensiale for næringsutvikling  
Samferdsle: Pådrivar for god og trygg standard på fylkes og riksvegar

### **Røysting**

Det vart røysta over tilråding frå rådmann og punktvis over tilleggsframlegga frå utvala og formannskapet:  
Tilråding frå rådmann: samrøystes  
Tilleggsframlegg:  
Aurland kommune skal arbeida for heilårleg akutt døgnambulansestasjon i Aurland: samrøystes  
Aurland kommune skal arbeida for å oppretta frivillegsentral i Aurland: samrøystes  
Aurland kommune skal arbeida aktivt for å sikra betre trafikkavvikling på strekninga Vangen – Stegastein: dette punktet vart erstatta av nytt punkt i formannskapet  
Nye investeringsprosjekt bør ikkje leggjast inn i budsjett før det ligg føre oppdaterte utgreiing/prosjektkalkylar: samrøystes  
Lagnaden til Heradshuset må avklarast : punkt ikkje aktuelt ( er med frå før - pkt 42)  
Gjennomgang av kommunal bygningsmasse med tanke på sal : punkt ikkje aktuelt (er med frå før - pkt 49)  
Tilleggspunkt under pkt 6: Legge tilrette for å utnytte potensiale for næringsutvikling: samrøystes  
Samferdsle: Pådrivar for god og trygg standard på fylkes- og riksvegar: samrøystes

### **FS-069/17 Vedtak:**

Kommuneplanen sin handlingsdel vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan og bygningslova §§11-1 og 11-4 med slikt tillegg:  
Aurland kommune skal arbeida for heilårleg akutt døgnambulansestasjon i Aurland  
Aurland kommune skal arbeida for å oppretta frivillegsentral i Aurland  
Nye investeringsprosjekt bør ikkje leggjast inn i budsjett før det ligg føre oppdaterte utgreiing/prosjektkalkylar.  
Tilleggspunkt under pkt 6: Legge tilrette for å utnytte potensiale for næringsutvikling.  
Samferdsle: Pådrivar for god og trygg standard på fylkes- og riksvegar.  
Samrøystes

### **Vedlegg:**

Høyringsframlegg kommuneplanen sin handlingsdel 2018-2021